

Langesund Rotaryklubb

Rotary
Møtereferat



Rotarymøte 29.05.2024 – veke 22

President **Kjersti Martinsen** opna møtet med å lese diktet *Naturen vår* av **Øyvind Sæther** for dei 20 fram møtte. Det var éin gjest, **Ove Sembsmoen** frå Stavanger RK. Ove kjem som kjent hit kvar sommar og er med på møta våre før vi tek ferie.

Det var fire **Tigrisinnlegg**. **Edrund Olaisen** skal på tur i lag med rotaryvener frå Australia. Ho gratulerte **Tor Suhrke**, som i april blei heidra med *Turistknappen*. DNT skriv på nettsidene sine at «Turistknappen 2024 tildeles **Tor Suhrke** for sin fenomenale innsats for DNT Telemark og Bamble Turlag med Kyststien gjennom mange år.» **Tor** takka og la til at *Sparebankstiftelsen Skagerrak* gjer det mogleg for Bamble turlag å skipe ein tur langs kyststien 21.–24.8., med billettsal frå 11.6. **Espen Hoell** opplyste at same stifting har løyvd kr 25 000 til *bandurakonserten i Porsgrunn*. Samla overskot frå konserten blir da kr 130 585. **Leonardo**, den meksikanske utvekslings eleven vår, var sist helg i *København* med **Berit** og **Øyvind Midtgaard** – ei stor oppleving, med besøk i *Tivoli* og andre attraksjonar i *kongens by*.

Naturen vår

Øyvind Sæther (f. 1978)

Naturen er vakker
glem ikke at den
er vår evige følgesvenn

Vi må bevare det vi kan
ingenting er som rent drikkevann
og luft til de på land

Men havene må vi ikke glemme
der hører også mange hjemme
mot de er vi altfor slemme

Glem ikke at elgen er din bror
selv om den i skogen bor
vi er nærmere beslektet enn du tror

Ta ansvar for ditt liv og dine handlinger
ikke la naturen gå på billigsalg
La en bærekraftig utvikling bli ditt valg

Så slapp **kveldens foredragshaldar** til – vår eigen **Yngvar Lohne**, som hadde mykje interessant å fortelje om *bier og honningproduksjon*. Det er alltid spennande å høyre kva medlemene i klubben held eller har halde på med. Yngvar overtok familiens birøkt heime i Drangedal da faren døydde i 1987 og heldt på med det til 2005. Vi fekk høyre om *arbeidsbier, dronar og dronningar* og det utrulege samfunnet deira og om det utfordrande arbeidet til birøktaren frå vår til haust, med slynging i to vender.

Langesund, 2.6.24, **Rolf Theil**

